



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
20.06.2014
Dykkar dato
14.05.2014

Vår referanse
2014/6175 333
Dykkar referanse
14/3975

Kommunal- og moderniseringsdepartementet,
Postboks 8112 Dep.,
0032 Oslo

Høyring - lovframlegg om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtalar før iverksetjing av kommunereforma

Det blir vist til lovframlegg om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtaler før iverksetjing av kommunereforma.

Vi er positive til framlegget om at låneopptak til investeringar må ha Fylkesmannen si godkjenning for budsjettåra 2015 - 2017. Det vil vere eit tiltak for å unngå strategiske investeringar i forkant av kommunesamanslåing der nye og større kommunar må overta gjeldsbelastninga som følgjer av slike investeringar. Det er òg viktig for å unngå investeringar som vil kunne gjere drifta av den nye kommunen vanskelegare. Statleg godkjenning av låneopptak vil også kunne forhindra usemje om investeringar mellom kommunar som er aktuelle for samanslåing.

Kravet om lånegodkjenning vil ikkje kunne forhindre alle uønskte investeringar då kommunane kan bruke fondsmidlar til å investera. Nokre av kommunane i fylket har til dømes både høg gjeld og mykje kapital i fond.

Det er viktig at lån primært kan bli godkjente i samband med årleg gjennomgang av årsbudsjettet, i staden for godkjenning av fleire lån gjennom året. Det må leggjast til rette for praktiske løysingar, slik at meirarbeidet blir minst mogleg både for kommunane og Fylkesmannen.

Vi håpar og trur at Fylkesmannen i liten grad må gripe konkret inn for å stoppe låneopptak som kommunar har vedteke. Kravet om statleg godkjenning av lån og langsiktige leigeavtaler vil mest sannsynleg kunne ha ein førebyggjande effekt ved at kommunar gjerne lar vere å ta opp lån til investeringar som er strategisk motiverte og lite føremålstenlege. Denne effekten er etter vår vurdering den viktigaste med sikte på å unngå uønskte investeringar og låneopptak i aktuelle kommunar - i mindre grad det at Fylkesmannen faktisk ikkje vil godkjenna låneopptak.

Framlegget omfattar alle låneopptak. Departementet kan eventuelt vurdere å gjere unntak for kravet til statleg godkjenning av startlån til vidareutlån. Vi tvilar på at kommunane sine opptak av startlån vil auke før eventuell kommunesamanslåing. Det er viktig at dei personane som kommunane gir vidareutlån av startlån til, ikkje må vente unødvendig lenge på lånemidlane i samband med bustadfinansiering. Formidling av slike lån kan bli forseinka dersom kommunane må ha statleg godkjenning også for desse låneopptaka.

Vi veit av erfaring at vurderingane våre av kommunane sine årsbudsjett og låneopptak er tidkrevjande. Det vil vere negativt dersom privatpersonar sine planlagde opptak av startlån til bustadfinansiering blir forseinka som følgje av godkjenningsordninga.

Det bør bli vurdert om det er føremålstenleg at lånegodkjenninga også omfattar lån til vidare utlån generelt (også andre lån enn startlån), lån til forskotering, samt opptak av likviditetslån eller til konvertering av gjeld som er oppteke tidlegare m.m. Alle låneopptak må som kjent ha Fylkesmannen si godkjenning for dei kommunane som er registrerte i ROBEEK (kommunelova § 60). Dessutan kan Fylkesmannen gjennomføre lovlegkontroll av eige tiltak for alle kommunar (kommunelova § 59) uavhengig av ROBEEK - registrering.

Noverande kommunelov, med heimel i paragrafane 59 og 60, kan vere tilstrekkeleg for å kunne utøve økonomisk kontroll for dei låna som ikkje er investeringslån. Framlegget til lånegodkjenning kan eventuelt bli vurdert avgrensa til lån i samband med kommunale investeringar.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Else-Kristin Foss Vikenes
avdelingsdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.